

SAKSFRAMLEGG

Forum: Skate

Møtedato: 13.06.2018

Sak 8/2018 Difi sine innspel til Digitaliseringsrundskrivet 2018

Beslutningssak

Historikk/prosess

Digitaliseringsrundskrivet er ei samanstilling av krav og tilrådingar frå regjeringa knytt til digitalisering i offentleg sektor, og skal gje dei statlege verksemndene ei heilheitleg oversikt over kva reguleringar dei må forholde seg til på digitaliseringsområdet. Rundskrivet kom fyste gong i 2009. Difi har sidan 2017 hatt eit formelt oppdrag frå KMD om å komme med innspel til endringar i Digitaliseringsrundskrivet, men har også tidlegare år sendt innspel der Difi har vurdert det som relevant. Difi ønskete i år å legge opp til ein god prosess med Skateverksemndene i forkant av leveransen til KMD for å få inn forslag til nye endringar, til å kvalitetssikre at dei krav og tilrådingar som blir fastsett i rundskrivet har ønska effekt og konsekvens, og for å sikre god forankring undervegs. Difi hadde opprinnelig frist for innsending av førsteutkast til KMD 15.mars, men denne vart flytt til 6.april for å sikre tid til involvering av Skateverksemndene. Frist for innsending av supplerande innspel vart sett til etter Skatemøtet 13.juni.

24.januar 2018 vart det sendt ut invitasjon til alle Skateverksemndene om å komme med sine endringsforslag til rundskrivet til Difi innan 26.februar. Difi fekk inn 48 forslag til endringar frå 10 av Skateverksemndene i den første runden. Forsлага vart samla i ei felles oversikt, deretter gjorde Difi ei vurdering av forslaga og utarbeidde eit utkast til rundskriv på bakgrunn av dette. Oversikten inkludert vurderingane til Difi vart sendt ut til Skateverksemndene 9.februar saman med invitasjon til felles arbeidsmøte 21.mars.

På arbeidsmøtet 21.mars møtte representantar frå 10 Skateverksemder til eit arbeidsmøte der dei inntok forslaga til endringar og Difi sitt framlegg til tekst vart diskutert. Det kom ingen heilt nye forslag til endringar på sjølve arbeidsmøtet, men det kom fram mange gode forslag til forbeteringar og justeringar på dei forslaga som låg føre. Difi utarbeidde eit justert forslag etter innspela på arbeidsmøtet og sende dette ut på nytt fredag 23.mars med frist for kommentalar 5.april. Difi sende i tråd med frist i styringskalenderen eit første utkast til endringar i rundskrivet, inkludert vedlegg som syner alle inntokne innspel og oversikt over prosess til KMD 6.april. I tillegg til dette har Difi utarbeidd ein ny versjon med endringsforslag der supplerande innspel er lagt til. Denne versjonen ligg ved som vedlegg til denne Skate-saka, og vil bli oversendt til KMD i etterkant av behandling i Skate 13.juni.

Forslag til beslutning:

Skate meinar det har vore ein god og involverande prosess i Difi sitt arbeid med innspel til Digitaliseringsrundskrivet 2018. Skate har forståing for at det er ulike interesser som må balanserast i eit rundskriv som dette. Skate tek til orientering Difi sitt innspel til KMD.

Presentasjon av saken

Med utgangspunkt i dei inntokne innspela frå Skateverksemndene gjer Difi framlegg om følgjande hovudendringar i det kommande Digitaliseringsrundskrivet 2018:

- Alle kapittel i rundskrivet presiserer skiljet mellom krav og anbefalingar i rundskrivet og sorterer teksten etter dette.
- Forslag til ny tekst i kap 1.3 Bruk av data

- Forslag til mindre endringar i kap 1.4 Informasjonssikkerhet, 1.5 Personvern og 1.6 Felleskomponentar og fellesløysingar
- Forslag til ny tekst i kap 1.7 Bruk digital postkasse til innbyggere
- Forslag til ny tekst i kap 1.10 Offentlige anskaffelser
- Forslag til endringer i kap 2.1 IKT prosjekter og 2.4 Samordning med kommunesektoren

Supplerande innspeil:

- Forslag frå Kartverket om å behalde omtale av Geodata i pkt 1.3 og 1.8. Forslaget vert støtta av Difi og er lagt inn som forslag til supplerande innspeil til KMD, vedlegg 2.

Difi mottok til saman 51 forslag til endringar i rundskrivet. Dei aller fleste av desse er teke med i Difi sitt planlagde forslag til KMD, med nokre unntak. I nokre tilfelle kom det endringsforslag som peika i ulik retning, andre gangar var innspeila allereie ivaretake andre stader i rundskrivet, medan i nokre tilfelle var det Difi si faglege vurdering at innspelet ikkje burde takast til følgje. Mellom anna vart forslaget om omtale av EIF(European interoperability framework) i arkitekturrammeverket vurdert å verte for detaljert for rundskriv-formatet og heller bør takast inn på rettleiingar rundskrivet viser vidare til.

I tillegg var det særleg pkt 1.7. «Bruk digital postkasse til innbyggere» det kom inn nokre og til dels sprikande innspeil til. For verksemder som har eigne eigna informasjonssystem vil det ikkje lenger vere obligatorisk å sende bestemte dokumenter til innbyggjaren si postkasse. For å ivareta dei politiske føringane om at innbyggjarar skal kunne få all post på ein stad, er det i staden lagt inn eit krav om at verksemndene må ha funksjonalitet som gjer det enkelt for innbyggjaren å sjølv kunne velje at dokument vert sendt til postkassa. Difi meinar at dette er eit kompromiss som både varetak verksemndene sitt effektiviseringsbehov og ønske om å lage gode eigne innbyggartenester og politiske føringar om at det skal være mogeleg for innbyggjarar å få post og dokument frå det offentlege på ein stad.

I Difi sitt innspeil til endringar foreslår ein å strukturere alle kapittel i tre kategoriar:

1. Krav
2. Anbefalinger
3. Veiledning.

Fleire av Skateverksemndene har peika på at ei slik endring er viktig for å styrke etterleving av krava og at dette vil gje betre oversikt over kva som er absolutte krav og kva som er tilrådingar og rettleiing. Dei første tilbakemeldingane frå departementet på dette har vore positive. Difi har også i møte med KMD foreslått at ein kortar ytterlegare ned på rundskrivet neste år, samt at ein bør vurdere å prioritere strengare kva krav ein stiller i rundskrivet og korleis ein føl opp etterleving av krava. Også dette er det fleire Skateverksemnder uttrykt ønskje om. Difi tek desse innspeila med vidare i dialogen med departementet. Difi har foreslått å lage ei «mottaksside» på difi.no med oversikt over og lenke til all ekstern rettleiing rundskrivet viser til, då dette på sikt kan gjøre det lettare å kutte ned på omfanget av tekst i sjølve rundskrivet.

Vedlegg 1: Difi sitt planlagte innspeil til endringar i Digitaliseringsrundskrivet, med spor endringer.

Saka vil bli lagt fram av Steffen Sutorius/Marit Mellingen
Saksframleggget er utarbeidd av Difi
Leikanger 22.05.2018